

REGLEMENT FINANSFORVALTING

gjeldande frå 12. november 2026, KST sak 084/26

Innehald

1. Generelle rammer og begrensingar for finansforvaltinga 3
1.1 Heimel 3
1.2 Målsettingar 3
1.3 Rammer for reglementet 3
1.4 Kvalitetssikring av reglementet og administrative rutinar 3
2 Spesifikke reguleringar 4
2.1 Valutarisiko 4
2.2 Derivat 4
2.3 Etiske retningslinjer 4
3 Middel som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet (kortsiktig likviditet) 4
3.1 Definisjon 4
3.2 Plasseringsalternativ/former 4
3.3 Avgrensingar 4
4 Middel som vert forvalta med lang tidshorisont (Langsiktige finansielle aktiva) 5
4.1 Definisjon av «middel som vert forvalta med lang tidshorisont» 5
4.2 Porteføljesamansetning 5
4.3 Kredittrisiko 5
4.4 Forvalting av fonda 6
4.5 Kursreguleringsfond 6
5 Gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar 6
5.1 Rentebinding 6
5.2 Samansetting av låneportefølje: 6
5.3 Rutinar for opptak av lånegjeld 7
5.4 Bruk av kortsiktig trekkrett 7
6 Fullmakter og rutinar i forvaltninga 7
6.1 Låneopptak 7
6.2 Plassering av ledig likviditet 7
6.3 Plassering av langsiktige finansiell aktiva 7
6.4 Utlån av Husbankmiddel 7
6.5 Delegering 8
7 Avvik 8
8 Rapportering 8

1. Generelle rammer og begrensingar for finansforvaltinga

1.1 Heimel

Forvaltninga skal være i samsvar med dette reglementet, gjeldande lover, og forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, jf kapittel 14 i kommunelova.

Dette reglementet er vedteke av kommunestyret den 12. november 2026 og erstattar tidlegare vedtekne reglement.

Reglementet gjeld i tillegg til Hå kommune òg for kommunale føretak etter kommunelova kapittel 9, interkommunalt politisk råd etter kommunelova kapittel 18, og kommunalt oppgåvefellesskap etter kapittel 19 så sant ikkje anna er avtalt eller vedtektsfesta for desse selskapa.

I den grad desse verksemdene har ei finans- og gjeldsforvaltning, skal denne utøvast i tråd med dette reglementet, eller i tilfelle med interkommunalt samarbeid, etter eit omforeint finansreglement som er godkjent av kommunestyret.

Reglementet omfattar ikkje investeringar i selskap der kommunen sitt eigarskap har eit breiare samfunnsmessig perspektiv, eller der kommunen har skilt ut verksemda i selskap. Reglementet omfattar ikkje pensjonsmiddel, pensjonsforplikting, bundne middel knytt til skadeforsikring samt langsiktige finansieringsavtalar.

1.2 Målsettingar

Målsettinga med forvaltninga er:

a. Bidra til best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane i Hå på kort og lang sikt
b. Finansiere vedtekne investeringar til best moglege risikovurderte vilkår
c. Forvalte ledig likvide middel slik at dei gjer best mogleg avkastning med lav risiko og god likviditet
d. Hindre vesentlege endringar i kommunens tenestetilbod som følgje av endringar i finansmarknadane
e. Avkastningsmål:
    a. Avkastningsmål for middel plassert i bankavtale er gjeldande rente på bankavtale. For kortsiktige middel plassert utanfor bankavtale er avkastningsmålet minimum 0,05 % over rente i gjeldande bankavtale.
    b. For langsiktige finansielle aktiva gjeld avkastningsmåla i punkt 4.2.
f. Lånevilkår:
    a. Lågast mogleg flytande rente målt mot 3 månaders NIBOR inkl. kredittmargin
    b. Lågast mogleg fast rente målt mot marknadsrenter inkl. kredittmargin med tilsvarande bindingstid

1.3 Rammer for reglementet

Reglementet inneheld reglar som hindrar kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga si som:

- Balanse mellom avkastning, risiko og likviditet.
- Samsvar mellom kompleksiteten i investeringsprodukta og kommunen sin eigen kunnskap om finansforvaltning .

1.4 Kvalitetssikring av reglementet og administrative rutinar

Finansreglementet og dei administrative rutinane er vurdert av Rogaland Revisjon IKS. Dei er uavhengig instans for å sikre at dei er forsvarlege og i samsvar med gjeldande regelverk slik forskrift

om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar krev. Deira vurdering av finansreglementet er lagt ved saka.

2 Spesifikke reguleringar

2.1 Valutarisiko

Hå kommune skal ikkje ha vesentleg valutarisiko.

a. Det kan være valutarisiko i internasjonale verdipapirfond i langsiktige finansielle aktiva.
b. Det skal ikkje takast opp gjeld i anna valuta enn NOK
c. Innkjøp over 5 millionar i framand valuta skal valutasikrast.

2.2 Derivat

Derivat skal ikkje nyttast i Hå kommune si finansforvaltning.

2.3 Etiske retningslinjer

Plassering av Hå kommune sine midlar i verdipapir skal skje i h.t. etiske kriteriar.
Plasseringsstrategien skal ivareta kravet til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø – i samsvar med Global Compact FN's PRI (Prinsciples for responsible investments). Dette svarar til dei etiske investeringsreglane som vert nytta av KLP.

3 Middel som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet (kortsiktig likviditet)

3.1 Definisjon

Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg driftslikviditet (inkludert eventuelle trekkrettar) som minst er like stor som forventa likviditetsbehov i komande 90 dagar. Driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

All kortsiktig likviditet ut over driftslikviditet utgjer overskottslikviditet.

3.2 Plasseringsalternativ/former

Midla vert i hovudsak plassert som innskott i bankavtale.
Alternative plasseringar kan brukast dersom føremålet er:

a. Risikospreiing
    a. Bankinnskott i andre bankar
    b. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond
b. Høgare avkastning enn målsettinga
    a. Bankinnskot i andre bankar, inkl. tidsinnskot
    b. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond

3.3 Avgrensingar

Plassering skal være slik at kommunen alltid har likvide middel inkludert trekkrettigheter til å dekka forventa forpliktingar.

a. Bank:
    a. Tidsinnskot og rentevilkåra kan bindast i inntil 12 månader.

b. Maksimal plassering i tidsinnskot skal ikkje være større enn 2 % av banken sin forvaltningskapital.
c. Bankinnskot gjerast i norske bankar med minimumsrating BBB

b. Rentefond:
   a. Pengemarknadsfond m/låg risiko, pengemarknadsfond og obligasjonsfond 0-2 klassifisert av verdipapirfondas forening.
   b. Durasjon på inntil 12 månader.
   c. Maksimale plasseringar i enkeltfond er 15 millionar.
   d. Fonda skal være forvalta av forvaltar som tilfredsstiller krava under pkt. 4.5
   e. Fonda skal ikkje ha valutarisiko.

4 Middel som vert forvalta med lang tidshorisont (Langsiktige finansielle aktiva)

4.1 Definisjon av «middel som vert forvalta med lang tidshorisont»

a. Langsiktige finansielle aktiva er den delen av kommunen sine finansielle eigendelar som i høve til føreliggande prognoser, budsjett og planar, ikkje skal nyttast i komande 4-års periode.
b. Porteføljen er første år 50 millionar kroner + opparbeida avkastning
c. Størrelsen på porteføljen for kommande år vurderast av kommunedirektøren når kommunestyret har vedteke budsjett og økonomiplanen. Endring og tilpassing rapporterast i finansrapport.

.4.2 Porteføljesamansetning

Midla investerast i verdipapirmarknaden med føremål om ei høgast mogleg risikojustert avkastning over tid. I hovudsak skal dette skje gjennom investering i indeksfond og obligasjons- og rentefond

Midla skal plasserast i fond i rente- og aksjemarknaden som følgjer:

Investeringar	Maksimalt	Normalt	Avkastnings referansar
Aksjefond	75 %	50 %	MSCI
Obligasjons- og rentefond	75 %	50 %	BARCAP GLOBAL
Bankinnskot	100 %	0 %	Vilkår i bankavtale

4.3 Kredittrisiko

Obligasjonsfonda skal ha investeringsmandat innanfor følgjande ramme:

Obligasjons- og rentefond			
Rating	**Maksimal**	**Normal**	**Minimum**
AAA - A	100 %	0 %	0 %
BBB – BBB-	100 %	70 %	0 %
BB + B-	70 %	30 %	0 %

4.4 Forvalting av fonda

a. Plasseringar skal gjerast i fond forvalta av store anerkjende og erfarne forvaltningsmiljø i Norge. Forvaltningsmiljøa som vert brukt vert vurdert og avgrensa i tal.
b. Forvaltninga skal i hovudsak skje i gjennom indeksfond med god spreiing i aktuelle marknader, og med låge forvaltningskostnader.
c. Verdipapirfonda skal tilfredsstilla følgjande:
    a. Investeringane skal i hovudsak bestå av likvide børsnoterte papir.
    b. Enkeltselskap i fondet bør ikkje utgjere meir enn 5%.
    c. Investeringane skal ikkje være trading-orienterte.
    d. Forvaltningsmiljøa skal vurderast ut frå kompetanse, resultat og med vekt på historisk gode nøkkeltal.

4.5 Kursreguleringsfond

Det er etablert eit kursreguleringsfond for å møte risikoen for mogleg tap i form av kurssvingingar. Fondet skal vere på eit nivå som dekker moglege tap i samsvar med stresstesten, jf. pkt. 8. Det er eit mål for forvaltninga at det vert oppnådd avkastning i tråd med fastsette referanseindeksar.

Ved avslutninga av årsrekneskapen for 2020 blei 5 mill. kr sett av til eit kursreguleringsfond. Framtidige realiserte og urealiserte kursgevinstar blir ved behov sett av til dette fondet slik at det kan dekka stresstesten i punkt 8.

5 Gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar

5.1 Rentebinding

a. Renterisikoen blir vurdert fortløpande på netto renteutsatt balanse. I netto renteutsatt balanse reknast:
    a. Langsiktig renteberande lånegjeld til finansinstitusjonar og finansmarknaden.
    b. Ansvarleg utlån til energiselskapa.
    c. Utlån knytte til husbanken sine ordningar (startlån, etableringslån m.m.).
    d. Rentekompenserande verdi av rentekompensasjonsordningar.
    e. Likviditet og plasseringar.
    f. Andre forhold med dokumentert renterisiko.

Rentebinding	**Ramme**
Rentebindingstid enkeltbindingar	1 – 10 år
Vekta rentebindingstid renteutsett balanse	1 – 5 år

5.2 Samansetting av låneportefølje:

a. Låneporteføljen skal bestå av færrast mogleg lån, vurdert opp mot refinansieringsrisiko. I tillegg kjem lån i Husbanken og andre lån til særskilde føremål.
b. Låna må vera slik at årlege avdrag blir betalt.
c. For å ha ein del føreseielege rentekostnadar og ei fordeling av risiko i høve til endringar i rentenivå, skal gjeldsporteføljen fordelast slik at 15 – 50 % er knytt opp mot fast renteavtale og 85 – 50 % mot flytande renteavtale.
d. Gjennomsnittleg bindingstid på låneporteføljen skal vera 1-5 år.
e. Finansiell leasing er ikkje tillatt.

5.3 Rutinar for opptak av lånegjeld

a. Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, antatt framtidig renteutvikling og generelle marknadstilhøve.
b. Låneopptaket skal gjennomførast med sikte på oppnå dei beste vilkåra vurdert ut frå låneporteføljen sin samansetning.
c. Det skal innhentast konkurrerande tilbod. Prinsippet kan fråvikast ved:
    a. Låneopptak i statsbank – t.d. START-lån i Husbanken.
    b. Dersom marknadstilhøva syner at det ikkje er fleire aktuelle tilbydarar, eller aktuelt produkt ikkje kan tilbys av fleire.
    c. Når det er inngått rammeavtale eller liknande.
d. Nedbetalingsperiode skal normalt vere 25 år (frå opptak). Jf. dei årlege budsjettvedtaka ang. opptak av lån.

5.4 Bruk av kortsiktig trekkrett

a. Kommunedirektøren har fullmakt til å nytte kortsiktig trekkrett (kassakreditt) i hovudbankavtale.

6 Fullmakter og rutinar i forvaltninga

Innafor dei retningslinjene som følgjer av dette reglementet vert kommunedirektøren gjeve følgande fullmakter:

6.1 Låneopptak

a. Gjennomføre opptak av lån etter lovleg fatta vedtak i kommunestyret.
b. Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån.
c. Godkjenne låneinstitusjon og rentevilkår, og underskrive lånepapir på nye og refinansierte låneopptak
d. I kommunedirektøren sitt fråver skriv fungerande kommunedirektør under på lånedokumenta
e. Kommunedirektøren kan delegere fullmakter til å avtale vilkår på e-post.

6.2 Plassering av ledig likviditet

a. Velje finansinstitusjon.
b. Forhandle og velje plasseringsvilkår.
c. Velje samansetning av plasseringa.
d. Kommunedirektøren kan delegere desse fullmaktene.

6.3 Plassering av langsiktige finansiell aktiva

a. Velje rådgjevar / forvaltar.
b. Velje investeringsobjekt.
c. Forhandle og velje plasseringsvilkår.
d. Velje samansetninga av plasseringa.
e. Kommunedirektøren kan delegere desse fullmaktene.

6.4 Utlån av Husbankmiddel

Låne ut husbankmiddel i samsvar med vedtatt låneramme. Dette inneber m.a.:

a. Foreta kredittvurdering av lånesøkjarar.

b. Behandling av lånesøknad vert gjort av saksbehandlar i samråd med kommunedirektøren, eller den person kommunedirektøren utpeikar. Representant frå sosialkontor /gjeldsrådgjevar vert trekt inn ved behov.
c. Handle i tråd med retningslinjer gitt i Husbanken og av Hå kommunestyre.

6.5 Delegering

Det delegerast til kommunedirektøren å utøve forvaltninga av kommunen sine finansielle middel.

a. Etablere administrative rutinar som sørgjer for at finansforvaltninga vert gjort i tråd med gjeldande lover og forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner, og at finansforvaltninga er gjenstand for tilstrekkeleg kontroll.
b. Det skal etablerast rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.
c. Sørgje for ajourførte og tilstrekkelege instruksar og fullmakter for tilsette som arbeidar med finansforvaltninga.
d. Kommunedirektøren, eller dei kommunedirektøren utpeikar utøver finansforvaltninga på vegne av kommunestyret. Kommunedirektøren utarbeider fullmakter.
e. Det kan hentast inn ekstern bistand dersom kommunedirektøren vurderer det som nødvendig.

7 Avvik

Når det vert konstatert avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik lukkast så raskt som mogleg ut frå ei vurdering av økonomisk risiko og tap. Avviket slik det har framstått, og eventuell økonomisk konsekvens av avviket, skal rapporterast ved neste ordinære finansrapportering, saman med forslag til rutineendringar som vil redusera sjansane for eit slikt avvik i framtida.

8 Rapportering

Kommunedirektøren skal i samband med tertialrapporteringa legge fram rapport for kommunestyret som viser status for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. I tillegg skal kommunedirektøren etter utgangen av året legge fram en rapport for kommunestyret som viser status og utviklinga gjennom året.

Rapportane om finans- og gjeldsforvaltninga skal innehalda beskriving og vurdering av:

- Samansetninga av aktiva og passiva
- Marknadsverdi, samla og fordelt på dei ulike typane av aktiva
- Løpetid på passiva og plasseringar
- Vesentlege marknadsendringar
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
- Endringar i risikoeksponering
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår.

Kommunen skal utføre ein stresstest som syner kommunen sin samla risiko ved endring i rentekurva og fall i aksjemarknaden. Berekna tap skal ligge innanfor størrelsen på kursreguleringsfondet.
Parameter som inngår i stresstesten:

- Rentefond – renteauke 2 %
- Globale aksjefond – aksjekursfall 25 %
- Norske aksjefond – aksjekursfall 30 %

